



Einar Holsvik
Neslia 92

5470 ROSENDAL

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Natalie Martins Sæberg	99331534	2021/1772-1		31.05.2021

Tilbakemelding etter synfaring - Gapahuk - Neslia

Visar til synfaring i Neslia fredag 27.05.21, med grunneigarar, Friluftsrådet og representantar frå kommunen.

Skildring av tiltaket

Det er ønskeleg å bygge gapahuk i tilknytning til allereie etablert tursti (sak 2017/3454). Tiltaket er planlagt plassert omtrent som vist på Illustrasjonsbilete. Dette er på oppsida av stien, der det er planlagt å etablere gapahuk som skal vere tilgjengeleg med rullestol og barnevogn frå turstien.



Arealstatus

Føremålet på staden er *park* i reguleringsplanen. Reguleringsplanen *Neslia felt D* er frå 1975 og inneheld difor ikkje byggjegrænse mot sjø. Tiltak krev difor dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø på staden. Området er statleg sikra, kartlagt og verdsett friluftsområde.

Førebels vurdering

Kommunen er positiv til tiltak som fremmar folkehelse og er tilgjengeleg for ålmenta. Gapahuk er òg i tråd med arealføremålet *park* i reguleringsplanen. For å vurdere om sjølve tiltaket er unnateke søknadsplikt eller krev byggesaksbehandling, må byggesak få tilsendt teikningar og skildring av gapahuken.

Dispensasjon: Det må søkjast om dispensasjon frå pbl. § 1-8 sidan det er plassert på nedsida av den blå streken (byggegrense mot sjø).

Søknadsprosess

Søknad om dispensasjon må grunngjevast og det må sendast nabovarsel/samtykke frå naboar. Tiltaket vil ikkje vere synleg frå byggefeltet og grunneigedomens grensar til store delar av nedsida på feltet, kommunen kan difor gjere fritak frå komplett nabovarsling, så lenge dei næraste er varsla (81/178, 81/179, 81/177, 81/167, 81/218, 81/217 og 81/216).

Det vart opplyst at søkjar og tiltakshavar skal vere feltet som interesselag, saman med Friluftsrådet. Sidan kommunen er grunneigar, så må det ved søknaden leggjast ved stadfesting frå kommunen på at det er tillate å søkje og føre opp bygning på kommunal grunn. Det er Grethe Marie Sandvik som forvaltar kommunal grunn. Kontaktinformasjon: grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no

Ta kontakt ved spørsmål. Søknad og eventuelle suppleringar kan sendast til post@kvinnherad.kommune.no og merkast med saksnummer: 2021/1772.

Med helsing

Natalie Martins Sæberg
Avdelingsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.